

BLI
LÆRLING I
BILBRANSJEN



AS Autoservice · AS Diesel-Elektro · AS Norsand · Aurland bil og maskin AS · Auto 8-8 Forum AS · Autohuset Sogn AS · AutoMarin AS
 Barmen og Lund AS · Berge & Co AS · Bil Body AS · Bildeler Førde AS · Bilhuset Førde AS · Bilpartner Vest AS · Bilpleiehallen AS
 Bilskaidesenteret AS · Bilskaidesenteret Nordfjord AS · Bitema Førde · Biltreff AS · BilXtra Nordfjordeid · Carfix Vik AS · Dale Service-
 senter AS · Eid Motor AS · Eid Servicesenter AS · Fino AS · Florø Bil og Havneservice AS · Florø Bilskaide AS · Florø Bilverksted AS
 Fortun Bensinstasjon AS · Førde Bilsalg AS · Førde Bilservice AS · Frydenbø Bilsenter AS · Fure Mekaniske AS · Gaular Bil AS · Gaupne
 Bilsenter AS · GT Bil AS · Hafslo Bilsenter AS · Hatleberg Bil & Maskin AS · Hermansverk Servicesenter AS · Hetle Auto ANR AS
 Høyanger Bil AS · Hydro Aluminium AS · Indre Sogn Bil AS · Intakt Bilskaide AS · Jan's Bilberging as · Janco Bilrep AS · Jølster Bil AS
 Kaupanger bil AS · Kveen AS · Leikanger Auto as · Leiv Austrheim AS · Måløy Auto as · MECA Norway AS · Mobile Førde AS ·
 Norddal Auto AS · Norsk motor import AS · Norsk Scania AS · Opus AS · Per A Øren AS · PS Bil AS · Repco ANS · Riko Førde AS
 Sentrum Autoservice as · Skadesenteret Riko AS · Skadesenteret Sogn AS · Slinde Transport AS · Sogn Bil & Båt AS · Sogn Bilskaide AS
 Sogndal Mc-senter as · Stadt Servicesenter AS · Stårheim Bilverksted as · Stryn Bilverksted AS · Stryn Mek. Verksted AS
 Sunde Auto AS · Sunnfjord Bil as, Førde · Team Verksted Vest AS · Terdal Bilservice AS · Tistels Auto
 Toyota Nordfjord og Førde AS · Toyota Sogn AS · Trucknor Firda AS
 Trucknor Førde AS · Trucknor Sogn og Fjordane AS
 Vest Auto AS · Vest Service AS
 West Maskin AS

Kontakt



Roald Standnes

Dagleg leiar og tekniskar
bilfaget, lette køyretøy

Mobil: 951 68 513

E-post: roald@bok-sfj.no



Thomas Einen

Opplæringskonsulent og tekniskar
bilfaget, lette køyretøy

Mobil: 476 86 083

E-post: thomas@bok-sfj.no



Alexander Herman Hansen

Opplæringskonsulent og tekniskar
bilfaget, tunge køyretøy

Mobil: 478 98 908

E-post: alexander@bok-sfj.no



OPPLÆRINGSKONTOR

Eit opplæringskontor er eit organ for bedrifter som samarbeider om opplæring for lærlingar, praksisbrevkandidatar og/eller lære kandidatatar.

Lærekontrakten er ein avtale mellom lærlingen, bedrifta, fylkeskommunen og opplæringskontoret.

VI KØYRER PÅ

Bilbransjen i Sogn og Fjordane står støtt og samla, og har i mange år sjølv stått ansvarlege for siste delen av fagopplæring i bilfaga. Mange av bilbedriftene i Sogn og Fjordane nyttar seg av den kvalitetssikringa som Bilbransjens opplæringskontor (BOK) tilbyr. Dei siste 25 åra har minst 868 lærlingar fått vidaregåande opplæring i bilfag i alle delar av Sogn og Fjordane.

Produsentar av køyretøy konkurrerer om å tilby dei mest attraktive modellane, noko av det som gjer bilbransjen spennande. Vi er der det skjer, med ny og gammal teknologi. Nye tekniske løysingane har ikkje alltid tolt «tidas tann», men mange negative spådomar har og blitt gjort til skamme. Eit godt døme på dette er katalysatoren som blei montert frå ca. 1988 på bensinbilar. Den kunne ikkje vare så lenge, var påstanden. I dag veit vi at den kan vare heile bilens levetid, og at den har redusert forureining dramatisk. Av og til er det freistande å meine at gamle bilar var best. Dei var kanskje enklare og meir oversiktlege før, men samanliknar vi objektivt så vinn det nye køyretøyet på dei fleste måtar.

I dette magasinet blir du litt kjent med fleire engasjerte lærlingar som satsar på fagutdanning. Alle er ulike og unike, og har ulike draumar, men dei satsar på ei fagutdanning som kan gje dei arbeid nærast over alt i Noreg. Det er eit trygt val – både i gode og dårlege tider. Håpet er at vi kan reparere meir i framtida, slik at lokale verkstader både stiller diagnosen og reparerer komponentane.

Arbeidsmiljø er viktig. Ein kjekk jobb, fine lokalar og god løn er ikkje nok for å kunne trivast på jobb. Tvert imot kan andre ting vere vel så viktig, du må bli sett og anerkjent for at du skal trivast. Alle bilbedriftene jobbar for at dette skal fungere, men det er eit kontinuerleg arbeid som aldri kan leggjast ned. Det er viktig at du som ny lærling stiller krav til bedrifta, samtidig som du spør deg sjølv om kva eg kan gjere for at arbeidsmiljøet skal vere godt.

Roald Standnes

Dagleg leiar
Bilbransjens opplæringskontor



FRÅ IDRETT TIL BILLAKK

Lilly Christensen tar seg av det som ofte er siste finish på ein bil som har vore skada. På Skadesenteret Sogn på Kaupanger er ho 3.-års lærling i faget billakking. Eg har alltid vore interessert i bil, sidan eg var liten, smiler Lilly. Likevel tok det litt tid før ho satsa på denne utdanninga.

20-åringen frå Valdres starta utdanningsløpet sitt på idrettslinja i heimtraktene, men fann ut at det var bil ho burde satsa på. Eg bestemte meg likevel for å fullføre idrettslinja, fordi det er betre enn å droppe ut. Lilly fortel om ein gammal draum om eigen verkstad. Då eg fekk min eigen bil som 18-åring var eg sikker på at det var denne retninga eg skulle satse på. Eg har mange vener i bilmiljøet, og det var ekstra kjekt å få sin eigen bil til å skru og fikse på.

Parallell til Rådebank

Det er lett å dra parallellen mellom Lilly og Hege Husby i den populære NRK-serien Rådebank. Akkurat som rollefiguren Hege har Lilly mange gutevener i bilmiljøet, og ho vil gjerne lære seg motivlakkering. Eg har prøvt det litt, og eg har avtale om eit privatkurs – det gler eg meg til.

Mange prosessar

Til dagleg blir det mykje opplakking av skada bilar, og det er mange prosessar og detaljar som må passast på for å få eit godt resultat. Det er veldig kjekt å sjå resultatata, når alle skadar er retta opp og bilen skin i lakken. På Skadesenteret i Sogn er dei to kvinnelege billakkerarar. Det er bra seier Lilly, men synes elles at det fungerer godt å jobbe i eit mannsdominert fag. Ho satsar på å få fagbrevet som billakkerar på plass etter 3 år i lære – og no er eg cirka halveges smiler ho fornøgd.



Korleis bli LÆRLING?

- 1** Kvalifiser deg med lite fråvær og gode karakterar på Vg1 og Vg2.
- 2** Fyll ut og send søknad om læreplass gjennom www.vigo.no til fylkeskommunen før 1. mars, medan du går på VG2.
- 3** Sjå etter ledige læreplassar på vår nettside: www.bok-sfj.no
Skriv ein søknad og CV til dei bedriftene du vel ut frå nettsida. Møt personleg opp med søknaden. Send alltid søknaden til fleire bedrifter.

FÅR BILANE TIL Å SKINE IGJEN



Kim Kvalsvik frå Luster og Gjertrud Liabø Thorsen frå Dale er snart ferdig utdanna i faga biloppretting og billakkering. Begge seier at vala var litt tilfeldige og begge vil bygge på med eit ekstra fagbrev.

For Gjertrud Liabø Thorsen (21) frå Dale, var det litt tilfeldig at ho enda i Bilskadefaget. No er ho andre års lærling hos Bilskadesenteret i Førde, og snart klar for fagbrev. Lustringen Kim Kvalsvik (20 år), som snart er ferdig utdanna billakkerar seier og at valet var veldig tilfeldig. Eigentleg hadde eg elektro som første val, men så gjekk eg for TI (Teknologi- og industrifag) – for det passar når ein ikkje veit heilt kva ein vil.

Gjertrud og Kim har begge planar om eit nytt fag, og her vil dei krysse kvarandre. Gjertrud som snart er klar med fagbrev i bilskadefaget vil bygge på med billakerarfaget, og Kim som starta med billakkerarfaget vil gå vidare til bilskadefaget.

Miks av teknologi og design

Gjertrud fortel at ho ikkje hadde høyrte om faget ho valde, då ho starta på TI. Planen til jenta frå Fjaler var fjell og bergverk, men på grunn av ein skade vart det eit år med design på VG2. Det vart for stillesittande, smiler ho. Dermed kom bilskadefaget opp som eit freistande tilbod. Det er jo ein god miks av TI og design – for meg har det aldri vore aktuelt med teoretiske fag.

Likar å jobbe med hendene

Det eg likar aller best med desse to faga – oppretting og lakkering – er at eg får bruke hendene. Det er jo nesten litt kunst å klare å gjenopprette ein bulka profil. Med billakkering reknar Gjertrud med å

få drive med endå meir handarbeid, og kanskje få bruke sine kreative sider med motivlakkering etter kvart.

Skulelei og usikker på val av fag

Kim fortel at han valde TI utan å vite kva han ville vidare. På VG1 hadde eg utplassering her og synes at billakkering såg veldig spennande ut. Etter 2 år i lære er fagbrevet like om hjørnet, og billakeraren frå Luster har litt fleire planar framover enn det han hadde då han starta på vidaregåande. I 10. klasse var eg veldig skulelei, og ville gjere alt anna enn å sitte i ro. Praktiske fag passa meg fint.

Vil bli faglærer

No er planen min er å bli yrkesfaglærer i bilskade, lakk og karosseri. Difor har eg bestemt meg for å ta fagbrev i bilskadefaget, smiler han fornøgd. Fagbrev i begge faga gir meg både formell utdanning og viktig kunnskap. Det er ein stor fordel at lærarane har erfaring frå yrka, slår han fast.

Test ut faget

Gjertrud og Kim er samstemte om at folk må prøve ut faga – ja, om dei lurar på om dette er noko for dei. Ta kontakt med ei bedrift og spør om du kan få teste det ut. Her kan du anten vere handlangar i ein utplasseringsperiode – eller om du er heldig får du deg ein sommarjobb. Bedriftene er heilt sikkert positive, seier dei to. Elles er opplæringskontoret viktig, meiner dei. Via bilbransjen sitt opplæringskontor (bok-sfj.no) får ein gode tips, råd og hjelp til praksis- og læreplass. Dessutan er dei viktige når vi er lærlingar, med fast oppfølging og sosiale samlingar.



Aldri slutt på bilbulking

Dag Arve Savland på Bilskadesenteret i Førde fortel at dei legg vekt på å sleppe ungdommane til, for å prøve seg i faget. Oppretting og billakkering er to svært viktige fag, og det ser ikkje ut til at det minkar på arbeid, smiler den daglege leiaren. Tidlegare fekk vi inn mykje bilskadar i vinterhalvåret – men no er det full rulle heile året. Bilane blir breiare, medan vegane og parkeringsplassane er slik dei har vore.

Ta kontakt og prøv ut faget

Det er ikkje til å legge skjul på at biloppretting og billakkering er travle og hektiske jobbar. Men ungdommane har mykje energi, og vi tar i mot dei med opne armar, smiler bilskadesjefen. Han er einig med lærlingane i at det er viktig å teste ut faget, og oppfordrar ungdommar til å ta kontakt.

INTENST OG SPENNANDE MED YRKES-NM



Yrkes NM gjekk av stabelen i Kristiansand, siste veka i september, og Geir Asle Kvam (21) frå Luster var den einaste frå Sogn og Fjordane som deltok i faget lette køyretøy. Eg vart oppfordra av opplæringskontoret og Øystein Ruud her på Toyota Sogn, så då heiv eg meg med.

Eg vart nummer 6 av totalt 11 konkurrentar og er veldig godt fornøgd med det, smiler Geir Asle, som jobbar som bilmekanikar hos Toyota Sogn på Kaupanger. Eg har hatt fast jobb her sidan eg var ferdig med læretida for 1 ½ år sidan.

Intense konkurransedagar

Norgesmesterskapet i bilfag gjekk over tre dagar og var ei veldig kjekk oppleving, fortel den unge Lustringen – men og ganske intenst. Vi hadde 45 minutt på kvar stasjon og nokre av oppgåvene var så omfattande at det var umogleg å rekke alt. Oppgåvene gjekk ut på alt frå feilsøking på det elektriske til å demontere motor. Vi måtte gjere ulike målingar på motoren for å søke etter og påpeike feil.

Lærerikt og sosialt

Eg kom borti litt nytt utstyr og måtte feilsøke ein del ting eg ikkje er vand med. Det var litt stress, men veldig lærerikt å vere med på, og så er det jo alltid kjekt å komme seg på tur. Dessutan var det kjekt å møte andre ungdommar som er bilmekanikarar, og få høyre korleis dei jobbar.

Har alltid skrudd

Geir Asle fortel at han alltid har vore interessert i mekaniske ting, og med ein far som er bilmekanikar var faget eit naturleg val. Eg har alltid likt å skru frå kvarandre og sette saman ting, og sjølv om det er mindre skruing på nye bilar – så er det ein sikker jobb. Toyota Sogn på Kaupanger er ein kjekk arbeidsplass, med varierte oppgåver og kjekke kollegaer, så her vil eg gjerne fortsette framover. Men til Yrkes NM meiner han nokre andre får reise neste gong. Det var både spennande, kjekt og lærerikt – så det kan anbefalast!

CASSANDRA VIL SKRU PÅ VETERANBILAR



Det er alltid bruk for fagfolk som kan fikse bilane – og så har vi jo løn under utdanninga seier Cassandra Skilbrei Våtevik. Foto: Anita Øygard.

Eg kan ikkje sjå føre meg noko anna enn at eg skal jobbe med bil, smiler Cassandra Skilbrei Våtevik. Ho er 1.-års lærling hos Berge & Co i Sogndal i bilfaget lette køyretøy. Etter eit år på TIP (teknikk og industriell produksjon) var det klart at eg skulle gå vidare på bilfaget på Sogndal VGS.

Cassandra fortel at ho som unge drøymde om å bli bonde, men så vart eg meir og meir interessert i bilar og alle andre køyretøy – men mest av alt bil. Eg vaks opp med 2 pickupar og andre gamle bilar som eg har skrudd på i lag med far min. Eg var ikkje så mykje i garasjen då eg var liten – men etterkvart har denne interessa berre vokse fram.

Likar best gamle bilar

Eg hugsar spesielt då søstera mi fekk lappen og bil, då var det ei tid med mykje kjekk skruing. Folk i familien min har skjont det lenge at det var bil eg måtte satse på. Cassandra fortel at ho er spesielt interessert i gamle bilar. Draumen er å få jobbe med veteranbilar, smiler den unge bilmekanikarlærlingen, og fortel at ho sjølv køyrer rundt i ein god gammal Volvo 240 stasjonsvogn. Det blir ein del

råning i Sogndalsgatene. I tillegg har ho ein gammal Skoda på gang, som ho skal ha til vinterbil – for ho vil spare på Volvoen.

Første jenta hos Berge

Cassandra er einaste og første jenta som jobbar på verkstaden til Berge & Co i Sogndal. Det er kjekke karar som jobbar her, og eg er vandt med å vere i lag med gutar i oppveksten i Sogndalsdalen. Mange kundar er og veldig positive til at dei møter ei jente på verkstaden. Det viktigaste for meg er at eg er interessert i faget, og så trur eg det er bra for miljøet at det kjem fleire jenter inn i faget. Dei som vel bilfaget er i alle fall sikra jobb i framtida, avsluttar Cassandra. Det er alltid bruk for fagfolk som kan fikse bilane – og så har vi jo løn under utdanninga.

STØRRE UTFORDRINGAR MED STØRRE BILAR



Trucknor Firda gir oss varierte og kreative oppgåver, fortel 3 fornøgde lærlingar i bilfaget tunge køyretøy; Leif Olav Myklebust (19), Leander Moldestad (20) og Thor Martin Solheim (18). Vi har løn under læretida, og er sikra jobb når fagbrevet er i boks. Foto: Anita Øygard.

På verkstaden til Trucknor Firda i Førde finn ein 3 lærlingar som er i full gang med å skru på kvar sine tunge køyretøy. Leif Olav Myklebust (19) er 2.-års lærling, Leander Moldestad (20), har allereie fagbrev i lette køyretøy, og er godt i gang med nytt fagbrev, medan Thor Martin Solheim (18) er 1.-års lærling i tunge køyretøy.

Reperasjon framfor skifte

Dei tre ungdommane er samstemte i at å jobbe med tunge køyretøy gir mykje variasjon i kvardagen – og at store bilar gir store og spennande utfordringar. Det er mykje meir reparasjonar med desse køyretøya enn med mindre bilar, seier Leander. På lette køyretøy skiftar ein delar, her reparerer vi, presiserer Thor Martin.

Feil gir store konsekvensar

Det er spennande å lære seg å reparere ulike komponentar, og så er det jo veldig viktig å halde

store bilar i orden, seier Leif Olav. Det får store konsekvensar om noko er gale med ein stor lastebil eller buss. På spørsmål om korleis arbeidssituasjonen ser ut etter endt utdanning, så reknar alle med at dei skal få seg jobb. Johan Ospehaug, som er lærlingane sin kontaktperson hos Trucknor Firda er klar på at han ønskjer at lærlingane vil fortsette etter at fagbrevet er i boks. Det er utfordrande å få tak i folk, så vi håpar fleire vel denne yrkesvegen.

LÆRLING I BILBRANSJEN

Det handler om å finne det som passer deg
– og elske det du gjer

- ✓ Godt utval av arbeidsplassar i heile landet, bygd og by
- ✓ Varierte arbeidsdagar, interessante arbeidsoppgåver
- ✓ Du lærer faget gjennom praksis og praktisk teori
- ✓ Gleden av å kunne fikse bil eller motorsykkel sjølv
- ✓ Fagbrevet hjelper deg vidare
- ✓ Gode moglegheiter for utvikling og høgare utdanning
- ✓ Fysisk aktivitet i arbeidsdagen
- ✓ Du får jobbe med avansert teknologi som er i konstant utvikling

A til Å • www.bilfag.no

For deg som har lyst på ei praktisk utdanning,
Bli sjølvssikker, dyktig og arbeidssklar i ditt fag!

1. år

Vg1 – Vidaregåande trinn 1

Teknologi og industrifag

2. år

Vg2 – Vidaregåande trinn 2

Køytø

Bilskade, lakk og karosseri

3. år

Vg3 – Vidaregåande trinn 3 eller opplæring i bedrift

Bilfaget, lette køytø

Bilfaget, tunge køytø

Hjulutrustningsfaget

Motormekanikarfaget

Motorsykkelfaget

x Reservedelsfaget

Billakkerarfaget

Bilpleiefaget

Bilskadefaget

Chassispåbyggjarfaget

Påbygging til generell
studiekompetanse

